



Karmøy kommune
Postboks 167
4291 KOPERVIK

Kontakt saksbehandlar

Tiril Marie Jansen, 51568706

Utlysning prosjektskjønn - 10 millionar til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane

Innovasjon og nytenking er naudsynt for at kommunane skal halda fram med å levera gode tenester til innbyggerane samstundes som arbeidet med å oppnå FNs berekraftsmål følgjes opp. Statsforvaltaren i Rogaland har derfor sett av 10 mill. kroner av skjønnsramma til kommunale prosjekt for fornying og innovasjon (prosjektskjønn) i 2023. Vi vil med dette brevet invitere kommunane til å søke om delfinansiering av slike prosjekt.

Formål med prosjektskjønnet er å stimulere kommunane til å kunne jobbe med fornying og innovasjon, og bidra til at kommunane kan teste ut nye løysingar i si verksemd. Formål for prosjekta skal vere å styrke kommunane i si rolle som tenesteprodusent, myndigheit, lokaldemokratisk arena eller som samfunnsutviklar.

Søknadsfrist: 1. november 2022

(Merk at søknadsfristen for 2023 er allereie no på hausten)

Prioritert område i 2023

Regjeringa har bestemt at FNs berekraftsmål skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i vår tids største nasjonale og globale utfordringar. FNs 17 berekraftsmål er verdens felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, motarbeide ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Planlegging er eit viktig verkemiddel for å oppnå berekraftsmåla, og fleire av måla kan berre bli oppnådd ved hjelp av lokal innsats.

Statsforvaltaren i Rogaland vil spesielt framheva berekraftige velferdssamfunn som eit prioritert område for prosjektskjønn i 2023. Berekraftige velferdssamfunn kan relaterast til fleire av berekraftsmåla. Dette kan innebera å møte dei demografiske utfordringane som samfunnet står i no, med omstilling frå færre barn til fleire eldre. Vi oppfordrar til arbeid med å implementere verktøy som kan måle kommunens berekraftsarbeid (for eksempel U4SSC standarden). Kommunane står fritt til å relatere sine prosjekt til det prioriterte området. Det må komme tydeleg fram av søknaden korleis prosjektet relaterer seg til det prioriterte området.



Samarbeid på tvers av kommunar og sektorar er helt nødvendig for å få til den nyskapinga som skal til for å oppnå berekraftige velferdssamfunn. For å stimulere til samarbeid vil Statsforvaltaren derfor spesielt prioritere å støtte **samarbeidsprosjekt som omfattar fleire kommunar**.

Ved vurdering av søknadene vil Statsforvaltaren i tillegg legge vekt på **gevinstrealisering og overføringsverdi** til andre kommunar. Vi vil òg ta **geografiske omsyn** ved fordelinga, slik at fornying og innovasjon kan bli prioritert over heile fylket.

Retningslinjer for prosjektskjønn

- Det gis ikkje støtte til ordinær drift, ordinære investeringsprosjekt eller drift av ordinære kommunale samarbeid.
- Det er berre kommunar som kan stå som søker og ansvarleg. Kommunane kan samarbeide med andre aktørar.
- Prosjektsøknader må vere forankra hos kommunen si leiing og blant dei tilsette. Dersom kommunen deltek i fleire prosjekt som det blir søkt om midlar til må desse vere klart prioritert.
- Søknader må inkludere ein gjennomtenkt og realistisk prosjektplan med god omtale av dei utfordringar prosjektet skal bidra til å løyse.
- Kommunen må ha ei klar målsetting med prosjektet og beskrive aktuelle verkemiddel og løysningar som prosjektet skal teste ut.
- Vi krev kommunal eigenfinansiering. Omfang av eigenfinansiering og eventuell anna delfinansiering må komme fram av søknaden.
- Reine næringsutviklingsprosjekt kan ikkje få prosjektskjønn.
- Søknader for prosjekt som vidareførast, må greie ut for prosjektet si framdrift og bruk av tidlegare tildelte midlar.
- Søknaden må innehalde ein omtale av korleis ein legg opp til erfaringsdeling med andre kommunar.

Prosjekt som naturleg høyrar under andre statlege tilskotsordningar vil sjåast i samheng med desse når prosjektskjønnet skal fordelast. Projektskjønn kan ikkje tildelast for å dekke kommunen si eigenfinansiering i prosjekt som får andre statlege tilskot.

Prosess for søknad og tildeling

Søknad om innovasjonsmidlar må sendast via felles søknads- og rapporteringsportal for prosjektskjønn:

<https://prosjektskjonn.fylkesmannen.no/>

Rettleiing til bruk av portalen ligg på Statsforvaltaren sin nettside under dokument på kommunal fornying:

<http://www.fylkesmannen.no/Rogaland/Kommunal-styring/Kommunal-fornyning/>

Søknadsportalen er open til og med 1. november 2022.

Søknadene blir behandla av samfunnsavdelinga hos Statsforvaltaren, med vurderingsbidrag frå dei andre fagavdelingane. I tillegg vil vi innhente synspunkt på søknadene frå KS. Vi tar sikte på å sende ut tildelingsbrev om innovasjonsprosjekt innan utgangen av årsskiftet.

Ved spørsmål kan de ta kontakt med saksbehandlar Tiril Marie Jansen (tlf. 51568706) eller Kristine Enger (tlf. 51568828).

**Rapportering 1. mars 2023 for pågående og avslutta prosjekt**

Vi minner om rapporteringsfrist 1. mars 2023 for alle prosjekt som tidlegare har blitt tildelt midlar og som ikkje har levert endeleg rapport. Prosjektportalen vil vere open for rapportering frå og med 15. desember 2023.

Prosjekt som er avslutta skal levere endeleg rapport, med omtale av dei mål kommunen har nådd, erfaringar med prosjektet, oppfølging i ordinær drift, gevinstrealisering og økonomi. Resultata frå prosjekta må vere dokumenterte for å sikre overføringsverdi og bevisst pengebruk. Legg ved eigen prosjektrapport og -rekneskap. Prosjekt som ikkje er ferdige innan rapporteringsfristen skal levere ein undervegs-rapport.

Prosjektmidlane skal gå til formålet som skissert i prosjektsøknaden. Dersom eit prosjekt ikkje har blitt gjennomført som planlagt, og kommunen derfor ikkje har fått brukt tildelte midlar i tråd med søknad, skal kommunen rapportere om dette og midlane betalast tilbake.

Med helsing

Bent Høie (e.f.)
statsforvalter

Monica Nessa
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune

Postboks 130

4001

Stavanger

Adresseliste:

Sauda kommune	Postboks 44	4201	Sauda
Stavanger kommune	Postboks 8001	4068	Stavanger
Klepp kommune	Postboks 25	4358	Kleppe
Bjerkreim kommune	Postboks 17	4389	Vikeså
Karmøy kommune	Postboks 167	4291	KOPERVIK
Hå kommune	Rådhusgata 8	4360	VARHAUG
Sokndal kommune	Gamleveien 20	4380	Hauge I Dalane
Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	Sand
Sandnes kommune	Postboks 583	4305	Sandnes
Lund kommune	Moiveien 9	4460	Moi
Vindafjord kommune	Rådhusplassen 1	5580	Ølen
Kvitsøy kommune	Kommunehusveien 6	4180	Kvitsøy



Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal
Utsira kommune	Postboks 63	5547	Utsira
Bokn kommune	Boknatun	5561	Bokn
Eigersund kommune	Postboks 580	4379	Eigersund
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	Ålgård
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
Haugesund kommune	Postboks 2160	5504	Haugesund
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland
Randaberg kommune	Pb 40	4096	Randaberg
Sola kommune	Postboks 99	4097	SOLA
Time kommune	Postboks 38	4349	Bryne